

Ref foreldremøte 14.03.19

## **Fellesmøte**

17 heimar møtte til fellesmøte 1. – 6. klasse

Foreldra fekk sjå ein liten snutt om grensesetjing. Etterpå skulle dei i grupper diskutera påstandar som me hadde kopiert opp. Det vart fine diskusjonar rundt borda. Til slutt vart det framlagd i plenum litt av det dei hadde kome fram til. Dei fleste foreldra meinte dette var ei fin oppgåve. Det kom mellom anna fram at det var viktig for foreldra å kunna snakka i lag og kanskje verta kjent med familiane sine grenser. Viktig at borna forstår og godtek at ein forheld seg til dei positive grensene som er i den heimen dei vitjar. Det er lærerikt for både borna og foreldra.

## **Foreldremøte 1. og 2. kl**

Trivsel/Miljø

Elevane ser ut til å trivast i klassen. No kan alle leika med alle, og er stort sett samde. Sjølv sagt kan det verta konflikhtar, nokre gongar reelle, andre gonger grunna misforståingar. Me greier oftast å samtala oss ut av konfliktane.

Me arbeider med sosialiseringssopplegget Zippy kvar veke, og brukar det når ting skjer. Dei skjønner kva me lærer, men greier ikkje alltid å setja det ut i praksis. Elles arbeidar eg heile tida for å få ei «me-kjensle», slik at elevane skal føla at me er ei gruppe som skal pasa på kvarandre.

## **Framover**

Foreldresamtalane kjem i veke 14.

Siste veka før påske kjem kartleggjingsprøvene i norsk og matematikk (som eg viste dykk på foreldremøtet i haust).

Etter påske arbeider me vidare med fokus på lesing og rekning. Elevane er positive til lesing og det må utnyttast.

Viktig å bruka positiv tid på leseleksene.

Elles skal me på ekskursjon til VilVite senteret 8. mai.

Foreldra hadde ynskje om at skulen fekk ein «vaktmobil» slik at ein kan senda melding til skulen dersom barnet ikkje kjem på skulen om morgonen. Slik det er no er det ikkje alltid lett å få tak i skulen når ein ringjer om morgonen.

Det vart og spurd om ein kan senda permisjonssøknad via mail, og det går fint.

Meldingssystem i Wisma og Vigilo var og oppe, og alt dette vert teke vidare til leiinga.

## **Val av klassekontaktar for komande 3. og 4. klasse**

Klassekontakt: Karoline Holta Brandsæter

Vara :Virginijus Sakalys

Ref: Liv O. Vetås